



Kirkerådet

Dato: 09.04.2018

Vår ref: 18/00053-7

Dykkar ref: 18/00123-5 ha769

Justering av hovudgudstenesta og alminnelige bestemmelser - uttale frå Sund sokneråd

Sund sokneråd gjorde i sak 7/18 slikt vedtak om uttale:

A.INNLEIANDE MERKNADER

Den store *fleksibiliteten* i noverande ordning for hovudgudstenesta, er utfordrande. Korleis skal vi kunne erfare eit «VI» i folkekyrkja, når valgmulighetene er så mange og forskjellige? Og korleis skal vi (bokstavleg tala) klare å henge med på notane – når det florerer av *alternativ* for den liturgiske musikken?

Dette har ført til at kjerneverdien «*gjenkjennelse*» har dukka opp frå folkedjupet. Ein ynskjer altså meir *fasthet* og *færre alternativ* (særleg i det som kyrkjelyden skal delta i). Slik kan ein oppnå *deltaking* og *involvering* – gjennom at den enkelte i større grad «kan» liturgien (også i andre sokn)... Og i dette må det vel også liggja ein tanke om *forenkling*, der ein unngår for mange max.variantar... Dessutan frigjer ein også tid til andre innslag (song/musikk osv...).

B.HØRINGSSPØRSMÅL

1: Variert gudstenesteliv er bra, med ulike former for gudsteneste.

Men (særleg) dei musikalske alternativa i liturgien bør begrensa og forenkla, slik at flest mulig etterkvart «kan» liturgien og slepp å sitja med nasa i liturgiheftet.

Altså: Deltaking og involvering gjennom gjenkjennelse og fasthet.

2: Det vil framleis vere naturleg at *soknerådet* (etter tilråding frå gudst.utval) avgjer korleis liturgien skal utformast innanfor gitte rammer, og slik avgjere den lokale grunnordninga.

3: *Samlingsbøna* er godt innarbeidd og har funne sin plass i svært mange kyrkjelydar.

Dermed kunne den like godt forbli obligatorisk og slik skape gjenkjennelse...

Syndsvedkjenninga høyrer heime i starten av gudstenesta (jfr gamal tradisjon) saman med kyrie-ropet. Når kyrkjelyden trer fram for den heilage Gud, er det rett å starta med å bøya seg for Gud og sanna våre synder.

4: Å innføre *hallelujaomkved* (+ respons) som fast ledd ved evangelie-lesinga, er å gå for langt. Her bør prinsippet om stadeigengjering (ulik gudst.kultur) vega tyngst.

Det bør i staden kunne syngjast ein kort salme før preika.

5: *Soknerådet* bør kunne avgjera om ein skal nytta særkalkar og/eller intinksjon.

Vedtaket bør fattast slik at liturgen kan tilpassa praksisen etter gudstenestetype...

Når det gjeld bruk av orda «kropp» eller «lekam», og «kalk» eller «beger» bør kvar kyrkjelyd stå fritt.

Når det gjeld spørsmålet om *takkofferet* skal inngå i nattverdliturgien (og ikkje i forbønsleddet) kan ein pdes hevda at dette bør vera valfritt (vi seier jo: «Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn»). Men kommunikasjonsmessig kan det pdas vera uheldig å la takkofferet inngå i nattverden, då ein slik kan få inntrykk av at vi skal gje Gud noko – før vi får hans nåde(forteneste). Dermed bør takkofferet forbli siste ledd *før* nattverdliturgien. Elles er det noverande *avslutningsordet/erklæringsordet* etter nattverden ei god og dekkande oppsummering, som absolutt bør behaldast (gjerne utan alternativ).

6: Antalet *nattverdbøner* bør begrensast. 1-2 for høgmissa, og 1-2 for fam.gudstenester.

7: Kyrkjelyden bør *stå* også under siste salme. Dette gir også betre song...

Med helsing
for Sund sokneråd

Olav Martin Vik
Kyrkjeverje

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Kirkerådet